



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 18.10.2016

Sak nr.: 15/9451-22

Internt l.nr.: 35257/16

Sak: 32/16

Tittel: **Bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane -
overføring av valrett**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjordeid og Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebruarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.
2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebruarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtektene må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtektene som må gjerast for å få vedtektene i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.

Ingen endringsframlegg

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet fekk 23 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjordeid og

Lærdal, og tre av fire medlemmer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.

2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtektene må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtektene som må gjerast for å få vedtektene i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.